



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Miljøfagleg kommentar - søknad om bygging av landbruksveg - Alver - 29/2 - Hauge

Vi syner til søknad om bygging av landbruksveg, med vegklasse 7, på mellom anna gnr. 29 bnr. 2 i Alver kommune.

Føremålet for vegen skal vere 60 prosent landbruk/utmark/skogbruk og 40 prosent veg til tunet. Det er kommunen som planstyresmakt som må vurdere om det er rett å handsame søknaden etter landbruksvegforskrifta eller om søknaden heller burde handsamast som dispensasjonssak etter plan- og bygningslova.

Vegen er planlagt å gå over naturtype naturbeitemark som er vekta til å ha nasjonal verdi, blant anna på grunn av funn av fleire trua og sjeldne beitemarksoppar jf naturmangfaldlova § 8. Om kommunen vurderer å gje løyve til vegen er det viktig at det blir lagt vekt på dei nasjonale verdiane knytt til naturbeitemarka som er registrert på eigedommen. Saksvurderinga må også omfatte ei vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Ut frå eldre flyfoto, ser det ut til at det er gjort ein god del vegarbeid omkring år 2008, medan naturtypen først vart kartlagt i 2012.

Søker kjenner til naturbeitemarka, og peiker i søknaden på at det er intensjon om at det skal gjerast minimalt med inngrep i beitemarka. Vegen (klasse 7) er planlagt lagt i traseen til vegen/stien som alt går gjennom området. Om vegen skal etablerast er det viktig at dei som skal gjennomføre arbeidet òg er klar over dette og at det takast omsyn i anleggsfasen slik at arbeidet blir gjennomført etter intensjonen: Med minst mogleg inngrep i naturbeitemarka. Ein må unngå å mellomlagre massar i dette området eller at det i vanvare blir gjort unødige inngrep utanom sjølve vegtraseen jf naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Desse omsyna må kome fram som vilkår til endeleg vedtak.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*